



Bergen kommune
Byrådsavdeling helse og omsorg
ved kommunaldirektør
Postboks 7700
5020 BERGEN

Vår dato:

26.02.2019

Vår ref:

2018/2013

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anne Grete Robøle, 5557 2231

Tilsyn med Bergen kommune - ØH-døgn og legevakt Bergen helsehus

Fylkesmannen viser til varsel om uforsvarleg journalløsing dagsett 7. februar 2019 frå avdelingsleiarar ØH-døgn, legevaktsjef, avdelingssjef ved smittevernkontoret og overlege i fengselshelsetenesta. Vidare viser vi til oppslag i media dei siste dagane om bemanningssituasjonen og redusert kapasitet ved ØH-døgntilbodet og informasjon i møte med kommunaldirektør i dag, 26. februar 2019.

Vi viser også til tidlegare tilsyn med journalsystem i Bergen kommune, vår referanse 2009/14226.

På bakgrunn av opplysningane som ligg føre om bemanning, samarbeid og journalsystem, fører vi tilsyn med tilboden ved ØH-døgn og legevaka, jf. helsetilsynslova § 2. Opplysningane vi har fått, kan tale for at kommunen driv med høg risiko for svikt.

Vi vil undersøke om kommunen ved si styring sørger for at krav til forsvarleg verksemd og pasienttryggleik blir ivaretakne.

Med heimel helse- og omsorgstenestelova § 5-9 ber vi om følgjande:

- om kommunen har vurdert risiko for svikt i tilboden til pasientar ved legevakt og ØH-døgn, kva tid vurderinga blei gjort og kva tiltak som er sett i verk på bakgrunn av denne vurderinga
- korleis kommunen følgjer med på tilboden ved ØH-døgn og legevaka
- om kommunen har sett i verk kompenserande tiltak etter varselet dagsett 7.02.19, i tilfelle kva tiltak
- om det ligg føre konkrete planar for mellombels utbetring av funksjonalitet i journalsystemet, eventuelt utskifting av journalsystemet, i løpet av dei komande 4 – 6 månadane
- kva kommunen gjer for å ha nødvendig bemanning til å oppretthalde kapasiteten på ØH-døgn
- opplysningar om organisering og samarbeid mellom ØH-døgn og legevakt

På bakgrunn av punkta ovanfor ber vi om kommunens analyse og vurdering av om tilboden ved ØH-døgn og legevaka er forsvarleg, eventuelt om det er nokon sider ved den pasientretta verksemda der risikoen for svikt er høg.



Vi ber om å få svar innan 20. mars 2019.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Anne Grete Robøle
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent